

Spørsmål frå samlinga 2. desember

Vi har samla spørsmåla vi fekk i etterkant av samlinga 2. desember, og vil forsøke å svare på dei nedanfor.

Fleire av spørsmåla er knytt til same tematikkar, og dei er difor svart ut i ein felles tekst.

Spørsmål som gjeld mangel på ressursar i kommunen

- Når tiltak som fungerer avsluttes pga manglende ressursar - hvem har ansvaret?
- Mange skoler har ikke ressursar til det som trengs, feks trygg voksen. Bli møtt ved skoleporten og den type ting. Hvordan skal man løse det?
- Samme med hjemmeundervisning, barnet har utbytte av at en lærer kommer hjem, men skolen har ikke folk å sende, ei heller folk som kan undervise via feks,. Teams.
- Når skolen ikke får veiledning fra PPT/BUP fordi de ikke har ressursar/kapasitet til det, hva da?

Vårt svar:

Ein del av spørsmåla gjeld kva ein skal gjere når ein har komme fram til tiltak i saker, men ikkje får gjennomført desse på grunn av manglende ressursar. Det er viktig å vere klar over at kommunen har eit lovpålagt ansvar for å følge opp elevar med fråvær. Dette går fram av [opplæringslova § 10-6](#) første ledd.

Kommunedirektøren, som er øvste administrative leiar i kommunen, har ansvar for at kommunen har ein internkontroll med verksemda til administrasjonen. Dette for å sikre at lover og forskrifter blir følgt, jf. [kommunelova § 25-1](#).

Det er opp til kommunen korleis dei gjennomfører, men dei kan ikkje late vere å følge opp på grunn av manglende ressursar. Kommunen har ansvar for at reglane i opplæringslova, som legg plikter på kommunen, skulen og tilsette i skulen, blir oppfylte. Dette står i [opplæringslova § 28-1](#) om kommunen sitt juridiske og økonomiske ansvar.

Spørsmål som gjeld samarbeid mellom elev, føresette, skule og kommune

- Elever med angst (også udiagnostisert) som ikke takler at skolen kommer hjem (f.eks. manglende relasjon og trygghet til den som evt. kommer hjem eller annet) og som ikke tør gå ut. Hva gjør man med disse? De har rett til opplæring...
- Når BUP avslutter fordi de "ikke kommer i posisjon" - hva da?
- Når saker står fast fordi et barn ikke tør snakke og hjelpeinstanser lukker den fordi de ikke får "høre barnets stemme" - altså nekter å tro på foresatte?

- Skal det være lærers ansvar å følge opp en elev som trenger trygging før, etter skoledagen, (SFO), der feks lærers privatsituasjon kanskje ikke tillater at lærer møter ved skoleporten om morgenen?
- Når det er avtalt i samråd med hjelpetjenester at en elev kan hentes hjemme - hvem skal gjøre det? Lærer? Assistent? Og når eleven ikke vil? Hva gjør man da? Det er ikke hjemmel for tvang i oppl.l.
- Og SKAL skolen hente hjemme? Hva når lærer kanskje er den eneste med en relasjon til å hente hjemme og det ikke lar seg gjøre? Eller lærer er syk?
- Mange skoler henter - er det innenfor skolen mandat?
- Når skole og ppt ikke er enige om tiltak - hva da?
- Når skole velger å trosse faglige råd fra BUP fordi skole "mener" - på tross av fagkompetansen på BUP som sier noe annet - hva da?
- Når tiltak iverksettes på tross av at foresatte og f.eks. BUP sier det ikke er rett tiltak, men kommunen "ikke har noe annet" og familien tvinges til å ta imot noe som forverrer situasjonen, hva da?

Vårt svar:

Kommunen og fylkeskommunen avgjør sjølve korleis elevane skal følgjast opp, men korleis elevane blir følgde opp, må sjåast i samheng med årsaka til fråværet og kor langvarig og hyppig fråværet er. Oppfølginga må vere eigna til å oppfylle formålet med lovfestinga av regelen, som er å arbeide for meir nærvær i skulen og å betre moglegheita til den enkelte elev til å fullføre og bestå grunnskulen og den vidaregåande opplæringa.

Plikta må også sjåast i lys av pliktene kommunen og fylkeskommunen har etter reglane om skulemiljø og tilpassa undervisning.

Årsakene til fråvær er ofte samansette, og difor kan det vere behov for fleirfagleg samarbeid på tvers av tenester for barn og unge.

Skulen har ei plikt til å gi tilby sosialpedagogisk rådgjeving dersom eleven ønskjer det. Eleven skal få rådgjeving på den skulen hen går på, og individuelt viss hen ønskjer det.

Også PP-tenesta kan ha ei sentral rolle i å følge opp ein elev som har bekymringsfullt fråvær. Arbeidet til PP-tenesta kan òg innebere å støtte skulane i å førebygge fråvær. Rolla til PPT går fram av § 11-13 i opplæringslova.

Det kan òg vere behov for å kople på skulehelsetenesta og andre i primærhelsetenesta, slik som fastlege, barne- og/eller familievern. Blant dei eldre elevane kan det også vere relevant å kople inn oppfølgingstenesta, som har ansvar for ungdom som ikkje søker seg vidare eller fell ut av VGO.

Sørg for å involvere fleire i vurderingane knytt til fråværet, og at rett kompetanse blir kopla på for å møte eleven på ein best mogleg måte.

Statped har ein del råd om tiltak for elevar med nevroutviklingsforstyrningar og skulefråvær: <https://www.statped.no/temaer/skolefravar-og-nevroutviklingsforstyrrelser/>

Trude Havik hjå Læringsmiljøsentret i Stavanger har forska på fråværsproblematikk og oppfølging. På Læringsmiljøsentret sine nettsider kan ein finne ein del råd, mellom anna ein artikkel der det går fram at det er viktig å ha eit systemisk perspektiv når ein skal forstå skulefråvær og skal setje i verk tiltak for elevar som strever med å gå på skulen: <https://www.uis.no/nb/laringsmiljosenteret/skolevegring-hva-kan-laerere-gjore#/>

Når det gjeld utfordringar med å kome i dialog med eleven, gjer vi merksam på at eleven si stemme kan bli høyrte gjennom andre, til dømes dei føresette: [Elevenes rett til å bli hørt og elevenes beste | udir.no](#)

Når det gjeld spørsmål om kva som er den enkelte lærar sitt ansvar, vil vi presisere at det er skulen, og ikkje den enkelte lærar, sitt ansvar å følgje opp elevar med fråvær. Fråværsproblematikk kan vere samansett, og vil difor ofte involvere ulike nivå på skulen og ulike instansar i kommunen. Dette gjer at mange kommunar gjerne har rutinar og prosedyrar for å sikre denne samhandlinga ved behov.

Andre spørsmål

- En del ppt nekter å skrive sakkyndig uten diagnose - hvordan rimer det med at det ikke treng diagnose for feks sakkyndig som sier at barnet bør ha hjemmundervisning?

Vårt svar:

Av forarbeida til opplæringslova § 11-7 første ledd går det fram at «dersom ein elev sjølv eller foreldra til eleven meiner at ho eller han ikkje får tilfredsstillande utbytte av den ordinære opplæringa, kan dei krevje at kommunen eller fylkeskommunen gjennom eit enkeltvedtak tek stilling til om eleven har krav på individuelt tilrettelagd opplæring». For at kommunen skal kunne ta stilling til dette, må det ligge føre ei sakkunnig vurdering frå PPT. Dei kan altså ikkje krevje at eleven skal ha ein diagnose før dei gjer ei sakkunnig vurdering.

- Man vet at elever nevrodignoser, angst og mobbing er overrepresentert i fraværsstatistikken - hvorfor adresseres ikke det?

Vårt svar:

Tema for samlinga var endringar i ny opplæringslov, med undertema tydeleggjering av krav til kommunen om å syte for at elevar med fråvær blir følgt opp. Det er opp til kommunen korleis dei vil gjere dette. Når det gjeld spørsmål om ulike årsaker til fråvær, kan ein finne opplysningar om dette i lenker lenger opp i svaret.

- Mange kommuner har rutiner på at fravær over en viss prosent automatisk meldes til BV - dette er ulovlig. Det har vært flere webinar på dette, også fra SF Vestland, samt at ministeren har vært ute og gitt beskjed. Hvorfor stilles det ikke krav om at slike rutiner fjernes fra kommunale retningslinjer?

Vårt svar:

Spørsmålet som er stilt, har sammenheng med reglane om meldeplikt til barnevernet, jf. [opplæringslova § 24-3](#).

Kommunen er ansvarleg for at regelverket blir rett praktisert.

- Blir det sikret at elever med stort fravær på 10.trinn får nok veiledning i forhold til innsøking/linjevalg/skolevalg for oppstart vg1? Er f,eks sosialrådgiver, helsesykepleier, lege, behandler privat/offentlig, FACT ung, BKL m,fl rådført før det gjennomføres en innsøking i VIGO. Og videre er det helt trygt for oss i vgs å tenke at alle sakspapirer er oss i hende på vårparten slik at det kan legges til rette for en sikret og forutsigbar overgang for de mest sårbare 15-16 åringene?

Vårt svar:

Det går fram av opplæringslova § 9-5 at «Fylkeskommunen skal sørge for at elevane får ein trygg og god overgang frå grunnskolen til den vidaregåande opplæringa. Kommunen skal samarbeide med fylkeskommunen om overgangen». Korleis dette samarbeidet vert ivareteke i Vestland fylke, vil [Vestland fylkeskommune](#) kunne svare på.